



Gunn Mari Moberg i SPAR presenterer DNB NOR sitt tilbud. (Foto: Ola Matti Mathisen)

DNB NOR-kontoret på Husnes vert om kort tid eit reint rådgjevingskontor samstundes som Eurospar Husnes og SPAR-butikkane på Valen og i Uskedalen overtek mange av dei tenestene som Husneskontoret har utført til no.

- Vi har allereie vore i funksjon ei tid som bank i butikk, opplyser Gunn Mari Moberg ved SPAR Uskedalen til uskedalen.no.

Ho vonar at også Sparebank I Kvinnherad etterkvart også vil satsa på denne ordninga.

Den inneber at kundane kan utføre desse tenestene:

- * Setja inn pengar, inntil 20.000 på eigen konto.
- * Ta ut pengar, inntil 5.000 kroner.
- * Betala rekningar i den vanlege butikk-kassa. inntil 25.000
- * Giro-utbetalingar, inntil 15.000 kan hevast kontant eller setjast inn på konto.

I motsetnad til Posten blir banktenestene i butikkane altså ikkje utført over eigen skranke.

Ordninga inneber at kundane har tilgang på banktenestene lenger enn i dag.

- Ein treng ikkje lenger å ta seg fri frå jobben for å gå i banken og betala ei rekning. Det kan ein gjera så lenge butikkane er ope, påpeikar Rune Vikane i DNB NOR i Kvinnheringen.

Av Ola Matti Mathisen